

Hayseed

16. mars 2002 · Haavebua



220203 Hayseed band

2002

16. MARS

HAAVEBUA

Frå arkivet

Knalltøff kompetanse

FLORØ: Han har spisskompetansen i orden, Terje Kjørlaus. Tilbake på heimebane med sin speilvendte Stratocaster, imponerte den lokale gitarhelten og Oslo-bandet Hayseed stort med hardtslåande og funky rock'n roll.

Ein kanonkveld på Haavebua, reklamerte rockeklubben med på førehand. Dei har sine ord i behald. Denne laurdagskvelden levde klubben opp til namnet sitt.

Ikkje berre var hovudnamnet Hayseed vaskeekte vare, men spesielt positivt var tiltaket med å la eit lokalt band varme opp. Laban tok steget opp frå ungdomsklubben Haffen til Haavebua, og avslørte gjennom ein halvtime med sjølvkomponerte låtar at potensialet er stort. Florø-bandet er i stadig utvikling, med markant meir tyngde no etter at Joakim Høyvik overtok mikrofona.

Mens Laban er på søk, levna vokalist Morten Fredheim og Hayseed ingen tvil om kvar dei høyrer heime. Beina er planta solid i tradisjonen etter legendariske band som Deep Purple, Free og Van Halen. Men dei leverer ikkje berre stilsikre coverlåtar, men også sjølvlagte materiale i den same gata. Så presist, så funky, så dynamisk og drivande at det er til å få makk av. Og Kjørlaus' en framprovoserte "all time high" luftgitarfaktor på Haavebua, særleg blant herremenn på 40 +. Når denne generasjon inntek aldersheimane om 25-30 år, nyttar det ikkje å komme med trekkspel og skillingsviser. Då blir det Hendrix til kaffien og Cream til desserten.



HEILE ARKIVET

Skann QR-koden for Rockeklubben sitt permanente nettarkiv.
rockeklubben.no/arkivet

Kjelde: Florø Rockeklubb sitt originale nettarkiv. Kjelde-ID: 47.